

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Helleland.

Emne: Helsing, fakter og åtferd

Bygdelag: Helleland.

Oppskr. av: Th. Hovland.

Gard: Hovland

(adresse): *Helleland.*

G.nr. 30 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nikkar med hovudet eller ristar på hovudet.
2. I tidlegare tid helsa folk på alle dei mötte, kjende og ukjende. Nå helsar ein ikkje på ukjende folk.
3. Möttes mann og kvinne skulde mannen helsa fyrst.
4. Ein sa goddag eller ~~eller~~ gomåren eller gokvell - ettr kva tid det var på dagen.
5. Når vanlege bygdefolk möttes tok ein ikkje hatt eller hue av. Men mötte ein presten eller andre embetsfolk tok ein hovudplagget av. - Storbonde eller brukseigar var det ikkje tale om her, for her var ingen slike.
6. Det tydde sers mykje vyrdnad.
7. Nei.
8. Handhelsing bruka ein mellom slektningar og nærare kjende folk, serleg om det var noko lenger tid sida ein mötte dei. Dei mindste borna handhelsa ein ikkje på.
9. Eit klapp på aksla tydde liksom noko sær og intimt.
10. Eg har aldri høyrd noko om det. Kanhenda har det vore skikk eingong, men i so fall må det vera lenge sidan.
11. Dei stansa, gjekk godt ut til v^gekanten, snudde seg mot fylgjet og stod med hatten i handa til til dette hadde

fare forbi.

12. Nei.

13. Veit ikkje av at det var noko bestemt klokkeslett for dette.

14. Ja.

15. Nei .

16. Ein er ikkje så nøye med dette idag. Tidt gjeng det med "morn" heile dagen.

17. Ja i tidlegare tid var desse helsingsorda mykje bruka.

Nå mest aldreg. Det kan henda ein gamal mann eller kona helsar på den måten endå, men ytterst skjeldan.

18. Dei nemnde var dei vanlege. - Svaret var: takk eller takk for det.

19. Ja, gjesten vil ta opp att helsinga når han kjem inn.

Han helsar på same måten som han helste verten ute.

- utan å føya til " inne og".

20. Ein gjekk inn i stova, vart ståande ved døra og ifall

husbonden var inne, ~~fårdeixix~~ bad ein om å få tala

med han på tomannshand, og så gje ^{kk} dei tvo som regel

ut i ei onnor stova. - Var husbonden ikkje inne så

spurde ein di andre etter han. Var han i nærleiken

gjekk einkvan og fekk tak i han.

21. Tidlegare bruka ein ikkje å banka på døra, ein gjekk

utan vidare inn i stova. Nå vert det alltid banka på.

22. Den framande skulde verta ståande ved døra, til dei

23. baud han sæte.

24. Såvitt eg veit skulde han stå med hatten eller huva

på til dei baud han sitja. Då tok han ^vhøudplagget av

8751

sette seg og la hatten eller huva på eine kneet.

25. Eg veit ikkje ~~noko~~ av noko sars ein sa då.

26. Ja - det vart gjord skilnad på kven det var.

27. Etter å ha svara på helsinga deira på vanleg måte

Heitte det gjerne: "Det er framandfolk som er ute og ~~fer~~
ferdas? Eller dei kunde få spursmålet: kor er den
karen (kona)(gjenta) ifrå?"

28. ~~Ein såg sine folk som dök i kjer~~

Ein gjorde seg gjerne noko meir føre då. Tok fram den
bedste stolen og sette han ~~aktåt i glaset~~
noko lenger inne i stova. Var det rusk ellr dumba,
som jamnt kunde henda, då daglegstova var arbeidsrom,
så var dette turka av .

Var det grannar eller meir kjende folk, vart dei som
regel sitjande nede ved döra.

29. Vælkomen i lag eller vælkomen til gards.

30. Dei sa farvel og ein svara farvel. Eller dei sa takk
for idag og ein svara sjölv takk eller takk sjölv.

31. a) Då knytte ein gjerne eit ynskje til velfaret: liv
vel, ~~si gjerde~~ si gjerde di.

b) I slike höve bruka ein gjerne å leggja til ord som
desse: Takk for alt me har havt saman. Mätte lukka
og signing fylgja deg. Noko faste former for den
slag helsingar trur eg ikkje det var. Det kunde vari-
era.

32. Nei, det trur eg aldreg har vore skikk her. Folk her
rekna sovore for " fantalæde". Dei har aldreg hatt det
med"å bera hjarta utanpå vesten". Det innste i ein

skulde dyljas.

33. Fell burt.

34. Nei.

35. Nei.

36. Fell burt.

37. Nei.

38. Veit ikkje det.

39. Det heitte å byte nase.

40. Alle som höyrde huslyden til

41. Eg hugsar eg har höyrd at dei gjorde noko slikt og dei kalla det å stela nase.

42. Eg veit ikkje noko namn på dette.

43. Berre mellom vaksne og born.

44. Det kunde vera ved ymse høve: Ved truloving, ved giftarmål, når ein tok over ein gard, når ein bytte gard, når ein tok fatt på ei ny oppgåve o s b. Andre uttrykk for dette veit eg ikkje av.

45. Gledeleg jol, godt nyttår, god påske. Ein sa stundom gledeleg helg eller god helg. Det kunde nyttas til alle helgar.

46. Eg veit ikkje av noko ståande uttrykk for slike høve i gamal tid. Dei vilde nokk gjerne dela sorga med kvarandre, men samkjensla synte dei helst stille og utan ord. _ Nå kondolerar ein - her som i byen.

47. Fell burt.

48. Før i tida vart det aldreg takka ved grava. Der var det berre det vanlege seremoniell. Nå takkar ein av

dei næraste slektningar på vegne av huslyden for vyrdnad og medkjensle. Noko sernamn på dette er det ikkje.

I gamal tid var det skikk at når seremoniellet var ferdig tok mennene hatten og skygde med den for augo og stod slik stille med böygd hovud ei tid. Det var det siste för dei gjekk frå grava.

49. På ymse vis. Ein kunde rekkja tunga eller skjekkja eller geipa eller klappa seg i baken. Ein kunde laga mangfoldege slag grimaser med andletet, herma etter åtferd og gongelag. Det kunde og segjas mykje berre med eit nakkekast.

50. Du seier ein til vanlege bygdefolk. De seier ein til folk i högare stelling og til framande. I og Jer brukas ikkje her.

~~51.~~

51. Stundom seier ein han eller ho istadenfor De.